

**Fra:** Sissel Mehammer (vsme@udi.no)

**Sendt:** 06.11.2015 09:01:40

**Til:** Lars Sponheim; Magnhild Meltveit Kleppa; Anne Karin Hamre; post.hs@politiet.no; Hordaland Politidistrikt; Rogaland Politidistrikt; post.sjf@politiet.no; Helene.Arholm@ks.no; Astrid.Toft@ks.no; Jan Ryste (Jan.Ryste@ks.no); hildegunnbjelde@gmail.com; marit.aase@samnanger.kommune.no; jenny.folling@sfj.no; firmapost@rogfk.no; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; postmottak.sentraladm@sfj.no; region.vest@bufetat.no; rvts@helse-bergen.no; mottak-vest@imdi.no; IOMoslovarp@iom.int

**Kopi:**

**Emne:** Etablering av nye akuttinnkvartering for asylsøkjere

**Vedlegg:** image001.gif

**Til Fylkesmenn, fylkeskommunar, politidistrikt , IMDi, Bufetat, IOM og KS i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane**

Vi er framleis i ein situasjon der vi ikkje har nok ordinære mottaksplassar i landet og må etablere akuttinnkvartering for asylsøkjere over heile landet. Avtalane om slik innkvartering er i utgangspunktet for to måneder. Vi etablerte den første akuttinnkvarteringa i helga på i Gotnes i Fjell kommune. Lopex mottak AS har ansvar for drift av 250 plassar. Vi har og etablert 180 akuttplassar i Haugesund som blir drifta av Hero Norge AS. Desse plassane blei tatt i bruk 2. november. Vi har vidare inngått avtale om etablering av 380 akuttplassar i Vindafjord kommune. Desse plassane er tilgjengelege frå 7. november. Vi har avtale om 250 akuttplassar i Stavanger som vil vera i bruk frå 16. november. Vi har totalt inngått avtale for 1060 akuttplassar i vår region. Vi vil komma til å halda fram med etablering av slike plassar så lenge det er behov. Kommunale myndigheiter blir varsla på plassane bli tekne i bruk.

Behovet for mottaksplassar er framleis stort og vi reknar med å offentleggjera ein konkurranse ein av dei første dagane der vi vil ha behov for 15 000 ordinære mottaksplassar på landsbasis. I tillegg er det og aktuelt å gjera avtalar for meir kortsiktig innkvartering.

Med helsing

**Sissel Mehammer**

seniorrådgivar

Region- og mottaksavdelingen

Regionkontor Vest

+47 91106299

**UDI**

Utlendingsdirektoratet

[www.udi.no](http://www.udi.no)